



# Årsmelding ungdomsutvalet

2022 har vore eit oppløftande år for aktiviteten frå samlaget si side, og for laga.

Ungdomsutvalet har i år bestått av Marianne Rossevatn som leiar, Kristin Sodeland Øksendal, Isabel Omland, Karen Øksendal og Siv Tone Rossevatn i styret. Styret har hatt eitt styremøte der Kristin, Siv Tone, Karen og Marianne møtte.

I løpet av året har vi fått arrangert meir enn dei seinare åra som følgjer av pandemien. I April hadde me ei tidleg banesamling for ungdomsskyttarane. Denne var i samarbeid med Agder og Aust-Agder på Farvannet i Kristiansand. Ungdommane har fått skote samlagsskyting på Landsdelskretsstemnet, Agderstemnet og Landsskyttarstemnet.

I haust fekk me endeleg reist til Numedal att, som har pleidd å vere et av høgdepunkta i løpet av året. Nokre endringar vart det sidan vi i år reiste saman med Agder og Aust-Agder med buss. Turen vart ein suksess der ungdommane vart betre kjend på tvers av skyttarlag og samlag.

Veka etter samlinga i Numedal arrangerte me ei samling for ungdomsleiarar og andre som er med på ungdomsarbeidet i laga. Dette vart ei samling med låg terskel for å dele gode og dårlege erfaringar med ungdomsarbeidet. Me snakka og om den kanskje største utfordringa, å få nye skyttarar ut av laget og med på stemner. Dette håpar vi laga kan arbeide med og vere bevisste på korleis dei opptre når ein arrangerer stemner sjølv, skytebanen skal vere ein trygg og positiv stad for alle!

Til sist må ein skryte litt av alle dei flotte ungdommane me har i samlaget, både med tanke på imponerende prestasjonar men ikkje minst det gode sosiale miljøet som veks fram. På vegne av ungdomsutvalet vil eg takke for eit flott år og me gler oss til fleire!

Marianne Rossevatn  
*Ungdomsleiar*